
Saksnr: 2020/93-96
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		16.09.2020

Klage på vedtak i søknad om tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner at det ikkje er kome inn moment i saka som endrar grunnlaget for tidlegare vedtak.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering opprettheld vedtak i sak 51/20 handsama 21.04.20. Klagen vert ikkje tatt til følge.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har motteke klage frå Åsen Vel ved styreleiar Birgith Hjelle Roset, på vedtak om tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge 2020. Klage på vedtaket vart motteke 14.05.2020. Søkjarpart er Åsen Vel.

Etter ei ny, samla vurdering meiner fylkesdirektøren at det ikkje er kome fram nye opplysningar som gjev grunnlag for å gjere om på vedtaket. Ut frå dette rår fylkesdirektøren Hovudutval for kultur, idrett og integrering til å oppretthalde vedtak frå 21.04.2020 der det ikkje vart løyvd tilskot til Åsen Vel.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom
- 2 Åsen Vel_klage på søknad om tilskot til lågterskel fysisk akyivitet for barn og ungdom

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det vart vedteke retningslinjer for ordninga i hovudutvalsmøtet 2. desember 2019. Deretter vart ordninga utlyst i heile Vestland med frist 15. februar 2020. Ordninga har tidlegare eksistert i tidlegare Hordaland, og er no vidareført i Vestland. Sjølv om ordninga var kjent for tidlegare Hordalands-kommunar, vart den likevel endra på ein slik måte at dei fleste ikkje kunne søkje som før. Retningslinjene er endra for å gjer ordninga meir målretta og for å få meir koordinerte, regionale tiltak. I vurderingskriteria er det vist til at tiltaka skal vere retta mot lågterskel fysisk aktivitet for barn og unge.

I utlysingsteksten står det at andre aktørar kan vurderast særskilt. Åsen Vel sin klage legg til grunn at deira søknad ikkje er vurdert og handsama. Åsen Vel skriv i sin klage at søknaden deira ikkje har vorte vurdert og handsama og ber om at søknaden vert handsama i klagenemnda slik at søknadsinnhaldet vert vurdert for målgruppa «Andre aktørar».

Søknaden er vurdert, og i saka skriv fylkesdirektøren som grunngeving på avslag at lokale lag ikkje kan søkje på ordninga, og at tiltak skal samordnast i regionale ledd.

Ettersom søknaden frå Åsen Vel er med i sakshandsaminga og har motteke avslagsbrev, så er søknaden vurdert og handsama. Søknaden var ein del av tilskotssaka som vart lagt fram for Hovudutval for kultur, idrett og integrering 21.04.2020. Tiltaket som er omsøkt gjeld i hovudsak innkjøp av leikeapparat til barn i barnehagealder. Det vart ikkje vurdert det slik at tiltaket hadde tilstrekkeleg overføringsverdi og grad av ny kompetanse. Det er heller ikkje noko grad av samarbeid med andre kommunar eller aktørar.

Det kom inn 45 søknadar, med ein samla søknadssum på kr 5.372.536.

I vurderinga av alle søknadane blir det mellom anna blir lagt vekt på følgjande moment:

- I kva grad det har vore medverknad frå målgruppa i utvikling og gjennomføringa av tiltaket.
- I kva grad det er samarbeid med andre aktørar (kommunar og organisasjonar).
- I kva grad bygger tiltaket ny kompetanse, og om det har overføringsverdi.

I tillegg ligg det i ordninga sin tittel at tilskot skal gå til aktivitet, ikkje til anlegg eller drift. Dersom søkjar ønskjer nye nærmiljøanlegg oppmodar vi til å kontakte kommunen i høve søknad om nærmiljøanlegg gjennom spelemiddelordninga. Utifrå desse momenta vart ikkje tiltaket vurdert til å motta tilskot.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vedtatt tildeling i sak 51/20 er i samsvar med budsjett.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa. Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Vestland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Åsen Vel er eit flott friluftsområde for nærmiljøet i Sandane. Det kan samanliknast med mange av dei tilrettelagte friluftsområda vi finn i heile Vestland som t.d. kan vere drifta av dei ulike friluftsråda. På fleire av områda er det samordna aktivitet i regi av t.d. turlag. Svært mange kommunar har liknande områder med bål plass, gapahukar, grillhytter og område for leik og skule.

Tilskotsordninga har vore evaluert i samråd med dei regionale organisasjonane. Det har vore mange spørsmål kring ordninga i år, då den var innretta på ein ny måte for alle. Det vart annonsert

til regionale ledd av organisasjonar og lag innan friluftsliv og idrett, samt formidla i ulike fora digitalt for å nå ut. Det har likevel vore gode tilbakemeldingar frå dei regionale organisasjonane på at ordninga no har gjort det enklare å målrette tiltak og koordinere lokalt engasjement.

Tilskotsordninga vil bli evaluert vidare, og det vil bli vurdert korleis ein skal innrette ordninga slik at den vert mest mogleg målretta. Det er viktig å understreke at denne ordninga ikkje skal kompensere for kommunale oppgåver og ansvar.

Søknaden frå Åsen Vel vart vurdert opp mot retningslinene og dei prioriterte tiltaka i ordninga. Søknaden vart ikkje vurdert til å motta tilskot. Fylkesdirektøren rår til at vedtak frå Hovudutval for kultur, idrett og integrering 21.04.2020 vert oppretthalde.